

Forskrift om reglement for orden og oppførsel i Ål-skulane

Fastsett av Sektorutval for kultur og oppvekst 24.09.24/22.10.24

§ 1 Formål

Reglementet skal bidra til at elevane i Ål-skulane har eit trygt og godt skulemiljø, som skapar trivsel, inkludering og gir eit godt grunnlag for læring.

§ 2 Verkeområde

Reglementet gjeld for grunnskulane i Ål kommune. Reglementet gjeld i skuletida når skulane har ansvar for elevane. Det vil seie i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteareal og når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område, for eksempel i leirskular og på andre turar i skulen sin regi. I tillegg til dette reglementet blir den enkelte skule gitt myndigheit til å gi utfyllande reglar for orden og oppførsel tilpassa den enkelte skule sine behov. Skulane kan også fastsette andre reaksjonar enn dei som kjem fram i § 8, innanfor gjeldande lovverk.

§ 3 Omsynet til eleven sitt beste og elevane sin rett til å bli høyrd

I alle saker som blir behandla etter dette reglementet, skal omsynet til eleven sitt beste vere eit grunnleggjande omsyn. Skulen skal også ivareta eleven sin rett til å bli høyrd.

§ 4 Vurdering av eleven sin orden og oppførsel

Vurdering i orden og oppførsel skal bli gjort ut frå reglane om orden og oppførsel i dette reglementet samt i skulen sitt lokale reglement. Eleven sin orden og oppførsel kan ikkje bli vurdert ut frå andre vurderingsgrunnlag enn dette. Karakterane i orden og oppførsel vil som hovudprinsipp bli sett ned ved gjentekne brot på ein eller fleire reglar. Karakterane kan også bli sett ned ved enkelthendingar dersom det gjeld eit spesielt grovt brot på reglementet.

§ 5 Reglar for orden

Elevane skal

- møte presist
- følge skulen sine reglar for melding av fråvær
- ha med nødvendig utstyr
- gjere arbeid til rett tid og halde fristar
- halde orden

§ 6 Reglar for oppførsel

Elevane skal vise alminneleg god oppførsel, slik som å

- vere til stade og delta aktivt i opplæringa
- behandle, også på digitale medium, medelevar, tilsette og andre som elevane møter i skulekvardagen med respekt uansett kjønn, utsjånad, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering m.m.
- bidra til eit godt skulemiljø
- rette seg etter beskjedar frå skulen sine tilsette
- ta godt vare på egne, andre og skulen sine eigedelar
- vise nettvett og følge skulen sine reglar for bruk av mobiltelefonar, datautstyr og anna digitalt utstyr
- følge skulen sine reglar for temperaturgrense i friminutta
- bruke hjelm når ein sykklar, sparkesyklar eller står på skateboard
- kaste snøball berre på tilvist område
- ikkje forlate skulen sitt område utan å ha fått lov

Oppførsel som ikkje blir akseptert, der alvorlege brot på reglane kan føre til direkte nedsett karakter på ungdomsskulen

- å mobbe eller på andre måtar krenke andre
- å utøve eller truge med fysisk vald
- å jukse eller forsøke å jukse
- å ha med, bruke eller vere påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmiddel
- å røyke eller bruke tobakk/snus/wape
- å ha med eller drikke energidrikk
- å ha med og/eller bruke farlege gjenstandar
- å bruke plagg som heilt eller delvis dekker ansiktet

§ 7 Inndraging av gjenstandar

Ulovlege gjenstandar blir inndratt og gitt til politiet. Gjenstandar (eksempel mobiltelefonar) som blir brukt i strid med det lokale ordensreglementet, blir midlertidig inndratt. Det same gjeld dersom eleven har med seg gjenstandar som etter dette reglementet, eller det lokale ordensreglementet, ikkje er akseptert. Dersom skulen inndrar røyk/tobakk/snus/wape eller alkohol frå elevar, skal desse gjenstandane bli henta av føresette.

Ved mistanke om oppbevaring av ulovlege rusmidlar eller gjenstandar i elevskåp, skal rektor kalle inn eigar av skåpet saman med sine føresette til ein samtale, slik at eleven får moglegheit til å koma med si forklaring.

§ 8 Reaksjonar ved brot på reglane for orden og oppførsel

Skulane i Ål vil nytte følgjande reaksjonar ved brot på reglane for orden og oppførsel:

1. tilsnakk frå tilsette
2. merknad (gjeld ungdomsskulen)
3. telefon heim, der eleven kan bli bedt om sjølv å forklare kva som har hendt
4. elevar kan bli tatt ut av friminutta for samtale med ein vaksen, eller for å gjere tapt arbeid dersom dei har:
 - a. gjentekne gonger forstyrre undervisning og ikkje stoppa uønskt oppførsel
 - b. vore i konflikt og får hjelp av ein vaksen til å løyse denne.
5. skriftleg melding til føresette

6. Tilsette i skulen, leksehjelpa og skulefritidsordninga kan, når andre tiltak ikkje er tilstrekkelege, gripe inn fysisk mot elevar for å avverje at ein elev som:
 - a. krenker ein person fysisk eller utsett seg sjølv for fysisk fare
 - b. skadar eigedom
 - c. viser ei åtferd som er sterkt fornedrande for eleven sjølvDet fysiske inngrepet kan ikkje gå lenger enn nødvendig, og det skal stå i eit rimeleg forhold til dei interessene som skal varetakast. Handlingar som er allment aksepterte i samhandling mellom vaksne og barn som dei har omsorg for, skal ikkje reknast som fysiske inngrep etter paragrafen her.
7. pålegg om å utføre oppgåver før eller etter skuletid for å rette opp skader som eleven er ansvarleg for
8. bortvising frå undervisninga for ei opplæringsøkt, men ikkje meir enn to klokketimar (Opplæringslova §13-1)
9. bortvising for resten av dagen (Opplæringslova §13-1)
10. bortvising frå undervisninga for inntil tre dagar på 8.-10. årstrinn (Opplæringslova §13-1)
11. midlertidig eller permanent skulebytte (Opplæringslova §13-2)

Fysisk refsing og kollektiv straff er ikkje tillate. Eleven pliktar å rette seg etter gitte reaksjonar. Om eleven ikkje gjer det, kan eleven bli gitt nye reaksjonar.

§ 9 Melding av straffbare forhold til politiet

Skulen vil melde straffbare forhold til politiet. Skulen bør vurdere bruk av gjenopprettande prosess i regi av konfliktrådet.

§ 10 Erstatningsansvar

Ved skade eller skadeverk på skulen sin eigedom eller utstyr blir eleven og/eller eleven sine føresette haldne ansvarlege for erstatning. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell. Skulen har ikkje ansvar for personlege eigedelar elevane har med til skulen.

§ 11 Saksbehandling ved bruk av reaksjonar

Ved bruk av reaksjonar gjeld følgande saksbehandlingsreglar:

- Skulen skal sørge for at avgjersla blir tatt på eit forsvarleg grunnlag.
- Eleven har rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjersla. Skulen skal sørge for at eleven får snakke med nokon han/ho stolar på og i ein situasjon som blir opplevd trygg.
- Avgjersla skal bli grunngitt (ved avgjersle av særleg betydning skal grunngjevinga bli gitt skriftleg).
- Før avgjersle om å bli tatt ut av friminutt blir fatta, skal eleven ha fått ei åtvaring om at dette kan bli ein konsekvens. Ved andre gongs bruk av denne konsekvensen skal føresette bli kontakta på telefon.
- Før avgjersle om bortvising blir fatta, skal skulen ha vurdert om det er mogleg å bruke andre reaksjonar eller hjelpetiltak.
- Rektor avgjer om reaksjonane i § 8 – nr. 8, 10, 11 skal bli brukt.
- Rektor eller den rektor delegerer det til avgjer om reaksjonane i § 8 – nr. 1-7 og 9 skal bli brukt.
- Kommunalsjef for oppvekst avgjer om reaksjonane i § 8 – nr. 12 skal bli brukt.
- I alvorlege saker skal føresette bli varsla så langt det er mogleg. Før føresette blir varsla, skal eleven få moglegheit til å forklare seg i trygge omgjevnader.

- Føresette til elevar på årstrinna 1-7 skal bli varsla før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.

Reaksjonane i § 8 nr. 10-12 er å sjå på som enkeltvedtak, og må i tillegg følge saksbehandlingsreglane for enkeltvedtak i Forvaltningslova.

§ 12 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft frå 24.09.2024.